



Årsmelding Stad kyrkjelege fellesråd 2021

1. Innleiing

Året 2021 er andre året Stad Kyrkjelege Fellesråd er ei sjølvstendig eining. Året har vore prega av pandemi, skiftande smittevernstiltak, skifte av personell og arbeid med å bli ei samla eining.

Pandemi og skiftande smitteverntiltak har gjort mange av aktivitetane og oppgåvene vanskelege eller umoglege å gjennomføre som planlagt. Nokre tiltak måtte avlysast medan andre vart gjennomførte digitalt eller på andre alternative måtar. Det har likevel lukkast å starte nye tiltak, som kveldsgudstenester i Eid og barnekor i Selje.

Det har vore fleire utskiftingar i staben i året. Etter at det kommunale driftstilskotet vert redusert for 2021 vart stillinga som kyrkjelydspedagog i indre teken bort. Ny kyrkjevevjer tok til 01.01.21. Ny kyrkjegardsarbeidar i indre vart tilsett i mai. Nye kyrkjjetenarar i Ervik og Selje vart tilsett før nyåret 2021, og ny kyrkjjetenar i Totland i mars 2021. Ny kyrkjelysarbeidar var på plass i juni. Det har og vore endringar innanfor arbeidsområda til prestane. Mykje tid har gått med til kursing, opplæring og integrering av nytilsette. Ved slutten av året har fellesrådet ein god og stabil stab, men ein treng fleire tilsette innan undervisning og diakoni.

Å få på plass felles planar og reglement for ny organisasjon, som nye gravplassvedtekter og nytt permisjonsreglement, har og vore i fokus. I tillegg til å drive gravplassforvaltning, er gudstenesteplanen, trusopplæringsplanen, diakoniplanen og plan for kyrkjemusikalsk arbeid, styrande for mykje av verksemda vårt. Fokus på å styrke barne- og ungdomsarbeidet i Stad har stått sentralt.

Høyringa om ny kyrkjeleg organisering, har og vore tidkrevjande. Både tilsette, sokneråd og fellesråd har delteke. Dette arbeidet har gitt oss større innsikt i korleis kyrkja no er organisert og kva vi tenkjer om organisering i framtida.

Til tross har ein kunna gjennomføre nokre investeringsprosjekt også dette året. Prosjekt renovering av Totland kyrkje er avslutta, og det var vore utført større og mindre el-utbetringar i kyrkjene., Fleire prosjekt er starta opp som Renovering av Selje kyrkje, gravplassen i Kjølsdalen og sikring av Ervik gamle kyrkjegard.

2. Fellesråd og personal

2.1 Fellesrådet

Fellesrådet har i 2021 vore samansett slik:

Eid sokn: Inger Mette Sefland	Pers. vara: Jens Petter Haavik
Stårheim sokn: Vivian Starheim Ytrehus	Pers. vara: Johannes Nome
Kjølisdalen sokn: Torfinn Myklebust, leiar	Pers. vara: Bjørn Aardal
Totland sokn: Mary Midtbø	Pers. vara: Bjørn Holvik
Selje sokn: Haldis Håvik	Pers. vara: Tone Helen Røyset
Leikanger sokn: Leif Johnny Prestvik, nestleiar	Pers. vara: Fredrik H. Borgund
Ervik sokn: Åge Ervik	Pers. vara: Geir Ole Ervik
Stad kommune: Wanja Kristin Lien	Pers. vara: Anfinn Sjøstad
Bjergvin bispedøme: Stian Heggedal, prost	Pers. vara: Rune Langset, prest

Fellesrådet har hatt 6 møte og handsama 53 saker i 2021.

Viktige saker utanom budsjett, rekneskap, investering og drift, har vore høyringa om ny kyrkjeleg organisering, samarbeidsavtale med Pilegrimssenter Selje, leigeavtale med Dalsbø Invest og nye gravplassvedtekter og utleigesatsar.

2.2 Underutval i fellesrådet

Kyrkjeleg administrasjonsutval (partsamansett utval):

Fellesrådet sine representantar: Torfinn Myklebust - leiar, Leif Johnny Prestvik – nestleiar, Mary Midtbø, vara: Haldis Håvik, Åge Ervik, Vivian Starheim Ytrehus og Inger Mette Sefland. Tilsette sin representantar: Jon Inge Sigerland og Marta Elvebakke med Per Røyset og Arne Kjøllesdal som vara. Administrasjonsutvalet har ikkje hatt møte i 2021.

Forhandlingsutval/tingingsutval:

Medlemmer: Torfinn Myklebust - leiar, Leif Johnny Prestvik, Mary Midtbø.

Utvalet har hatt eitt møte i 2021.

Arbeidsutval (AU):

Torfinn Myklebust, Leif Johnny Prestvik og Mary Midtbø. Arbeidsutvalet har hatt fire møter i 2021.

Kyrkjeverja er sekretær for fellesrådet og utvala.

2.3 Personal

Administrasjon:		
Kyrkjevevje	Synnøve Smørdal Wiik	100%
Ass. kyrkjevevje	Nanda Maack	40%
Ass. kyrkjevevje	Kristen Hundeide	Timebasis (fram til april)
Sekretær	Marta Jenny Elvebakke	70% (20% for prost)
Gravplass:		
Kyrkjegardsarbeidar	Arne Kjøllesdal	100%
Kyrkjegardsarbeidar	Harald Aardal	100% (avslutta juni 2021)
Kyrkjegardsarbeidar	Per Røyset	100%
Kyrkjegardsarbeidar	Arild Rikheim	70% (avslutta juli 2021)
Kyrkjegardsarbeidar	Magne Røyset	Timebasis fram til mai 2021
Kyrkjegardsarbeidar	Lidvar Magne Aasen	Timebasis, ca 70% frå juli 2021
Kyrkjegardsarbeidar	Randi Røyset	Timebasis, ca 30% frå juni 2021
Anna kyrkjeleg verksemd:		
Kyrkjelydspedagog	Eline Sandnes	70%
Kyrkjelydspedagog	Asbjørn Eikenæs	12%
Rådgjevar, trusopplæring	Magni Myklebust	Inntil 20% frå juni 2021
Diakoniarbeidar	Nanda Maack	60%
Assistent, trusopplæring	Jenny Kristin Myklebust	30%
Kyrkjelydsarbeidar	Ingve Elvebakke	80% (avslutta sept 2021)
Ungdomsarbeidar	Jakob Leivdal Haavik	20% (avslutta mai 2021)
Ungdomsprest/kateket		
Pilegrimskoordinator	Gunn R. V. Helgesen	20% (bispedømet)
Kyrkje:		
Kantor	Ralph Cupper	100%
Organist	Jon Inge Sigerland	100%
Organist	Ingvard Sundal	20%
Kyrkjetenar Eid og Stårheim	Björg Risøy	85%
Kyrkjetenar Stårheim	Knut Hans Røed	7,1 %
Kyrkjetenar Heggjabygda	Stian Andre Hundeide	6%
Kyrkjetenar Kjølisdalen	Randi Heggheim	15%
Kyrkjetenar Selje	Jenny Kristin Myklebust	20%
Kyrkjetenar Totland	Merethe Eide	Timebasis (ca 6%)
Kyrkjetenar Leikanger	Helge Borgund	Timebasis (ca. 10%)
Kyrkjetenar Ervik	Marita Aarvik	Timebasis (ca. 6%)

I Totland kyrkje vart avtalen med kjøp av organist- og kyrkjetenartenester frå Kinn kyrkjelege fellesråd avslutta i 2021, men avtale om kjøp av reinhaldstenester vart forlenga. Vi har og høve til å leige kyrkjetenar og organist ved behov. Merethe Eide er ny kyrkjetenar.

Marta Jenny Elvebakke er sekretær og utfører også sekretærteneste for prost i Nordfjord, som har kontorstad ved Eid kyrkjekontor. Det var vore noko overtid for sekretær i første kvartal grunna langtidssjukmeldingar.

Stian Heggedal byrja i stillinga som prost hausten 2020, men sa opp stillinga si hausten 2021 og hadde sin siste arbeidsdag som prost i Nordfjord 31.12.21. Rune Langseth tok til i stillinga som sokneprest i Ervik, leikanger og Selje 01.02.21. Beate Folkestad Osdal har vore sokneprest i Totland, og frå 01.08.21 tok ho og til som sokneprest i Eid. I Eid og Stårheim var Olav Sigurd Gundersen sokneprest fram til 31.06.21. Prostiprest Knut Gjengedal er sokneprest i Kjølsdalen, og frå 01.08.21 vart han og sokneprest i Stårheim.

Ralph J. Cupper er kantor i Eid, Stårheim, Kjølsdalen og Totland i 100% stilling. Jon Inge Sigerland er organist i Selje, leikanger og Ervik i 100% stilling. Ingvard Sundal er tilsett som organist i 20% stilling for å avløyse Ralph Cupper i feriar og frihelger.

Bjørg Risøy har 85% stilling som kyrkjetenar og reinhaldar. Ho er kyrkjetenar ved alle kyrkjelege handlingar i Eid kyrkje og fast kyrkjetenar i Stårheim kyrkje ved gravferder, vigslar o.l. Knut Hans Røed er kyrkjetenar i Stårheim ved vanlege gudstenester.

Gunn R. V. Helgesen er tilsett i stillinga som pilegrimskoordinator med ansvar for å forankre kyrkja sin visjon i pilegrimsarbeidet. Lønskostnadene med stillinga vert refundert av Bjørgvin bispedøme. Fellesrådet har gjeve garanti for stillinga så lenge bispedømet vil refundere lønskostnadane.

Jakob Leivdal Haavik vore ansvarleg for drifta av Nattkafeen på Nordfjordeid fram til mai 2021. Det var lite aktivitet våren 2021 grunna m.a. smittevernrestriksjonar.

Asbjørn Eikenæs deltek i trusopplæringsarbeidet i inntil 20% stilling. Asbjørn er ein stor musikalsk ressurs både ved Stårheim Barnekor og ved Babysongen – i tillegg til andre oppgåver der musikalsk medverknad er ønskjeleg, som kveldsgudstenestene i Eid kyrkje torsdagane.

Eline Sandnes har ansvaret for trusopplæringa i ytre, men har og hatt ansvar for fleire tiltak i indre. Ho har og ansvar for konfirmantarbeidet saman med sokneprest i ytre.

Jenny Kristin Myklebust har vore aasistent i trusopplæringa og vore med på ulike tiltak. Ho har og hatt ansvar for barnelaget i Nordpollen og vore med på nattkafeane.

Nanda Maack har i tillegg til å vere assisterande kyrkjevevjer hatt ansvar for å utarbeide felles diakoniplan for SKF og for å gjennomføre diakonale tiltak i heile kommunen. Ho har og delteke i trusopplæringa og m.a. drive nattkafe for ungdom i Selje og på Nordfjordeid og barnekorarbeid i ytre..

Magni Myklebust vart tilsett på timebasis innan trusopplæring og felleskapsutvikling frå juni 2021. Ho har m.a. hatt hovudansvar for babysong på Eid kyrkjetun, vore med i teamet for kveldsgudstenestene og andre oppdrag i høve gudstenester og konfirmantarbeid.

Ingve Elvebakke har våren 2021 vore assistent for konfirmantarbeidet i indre, tett samarbeid med sokneprest Olav Sigurd Gundersen.

Anna Wiik har vore tilsett i eit engasjement på timebasis for planting og stell av dei gravene som har gravstellavtaler i Eid, Stårheim, Kjølsdalen og Totland sokn. I Selje, Leikanger og Ervik vert dette arbeidet utført av Per Røyset, kyrkjegardsarbeidar.

2.4 Arbeidsmiljø, HMS og personalarbeid

Det har i 2021 vore særleg fokus på arbeidsmiljøet. Etter kommunesamanslåinga har det vore ei målsetjing at staben skal kjenne seg som ein stab og få ein felles identitet som tilsette i Stad kyrkjelege fellesråd.

Det har vore arrangert åtte stabsdagar, for alle tilsette i fellesrådet og prestane. Det vart arrangert ein blåtur i juni 2021, med besøk i Singerheimen og på Åbrekk gard i Olden. Stabsdagane har vore på ulike stadar i kommunen med besøk og omvising i kyrkjene. Det har vore ulike tema, nokre felles for alle og nokre i faggrupper. Temaet arbeidsmiljø har vore agendaen på alle samlingar. Kyrkjevevja og andre tilsette har stått for innhaldet, samt besøk av Vetle Karlsen Eide frå Bjørgvin bispedøme på stabsdagen i november. Vi har vore innom Bryggja/Totland, Ervik, Eid, Stårheim og Selje. Mange var og samla til ei felles juleavslutning på Nordfjord hotell i desember.

Det er faste stabsmøte på kyrkjekontora i Eid og Selje kvar veke, tysdag morgon. Det har og vore nokre felles stabsmøter utanom. Selje hadde ei periode i vår stabsmøter onsdag. Kyrkjevevja har delteke på møter både i Eid og Selje. Ho har kontordag i Selje ca. ein dag i veka og har dette året brukt mykje tid på samtalar med dei tilsette.

For å sikre eit godt arbeidsmiljø har det og vore gjennomført medarbeidersamtalar med alle tilsette våren 2021. Fast tema på desse samtalane er m.a. trivsel og samarbeid. Hausten 2021 gjennomførte Dnk ein stor medarbeidarundersøking for alle tilsette på alle nivå. Rapporten syner at det alt i alt er god trivsel og godt samarbeidsklima i Stad kyrkjeleg fellesråd.

Ein viktig aktør for å sikre eit godt og trygt arbeidsmiljø er verneombodet. Arne Kjøllesdal vart valt som verneombod for fellesrådstilsette i 2020. Verneombodet gjennomførte hausten 2021 40-timars kurset som er pålagt etter arbeidsmiljølova. Arbeidet med å få på plass gode HMS-rutinar og internkontroll er starta opp. Fellesrådet kjøper og tenester frå Bedrifthelse1 som vi har hatt god nytte av i samband med å sikre helse, miljø og tryggleik. Det vart arrangert brannøving for alle tilsette i Selje kyrkje i november, leia av Helge Borgund.

I september var det medarbeidersamling for alle tilsette i Nordfjord prosti i høve høyringa om ny kyrkjeleg organisering. Fleire tilsette har delteke på ulike webinar og kurs. Fellesrådet har innført bruk av Medarbeidaren som felles kommunikasjonsplattform, og TID for timeregistrering. Kyrkjegardarbeidarane har fått tilgang til Ecclesia.. Kyrkjevevja har teke vidareutdanning i økonomi, delteke på Grunnkurs for kirkeverger, samt KA sitt leiarutviklingsprogram.

Det er gledeleg å sjå at det vert meir og meir samarbeid på tvers at tidlegare kommunegrenser. Ein stor fordel er at tilsette kan avløyse kvarandre ved sjukdom, ferier og anna fråvær. Eit større fagmiljø med utveksling av erfaring og fagkompetanse, aukar den samla kompetansen.

I likestillingslova § 1a er det nedfelt at offentleg verksemd skal arbeide aktivt, målretta og planmessig for likestilling mellom kjønna. Arbeidsgjevar skal arbeide aktivt for dette innfor si verksemd. Ved utgangen av 2021 var det 23 tilsette i Stad kyrkjelege fellesråd, 13 kvinner og 10 menn.

3 Prosjekt, tiltak og aktivitetar

3.1 Gjennomførte og planlagde oppgåver i kyrkjer og på kyrkjegardar

Heggjabygda kyrkje. Kyrkja er i god stand utvendig, men det elektriske anlegget må skiftast.

Heggjabygda kyrkjegard: Kyrkjegarden har god kapasitet.

Eid kyrkje. Kyrkja er stort sett i god stand, men taket i skipet treng måling. Lerretet i altertavla har fått ein skade, og det vart sett på ei plate på baksida av altertavla for å hindre at skaden vart større.. Det er og gjort ein del elektriske utbetringar. Det har og vore utført vedlikehaldsarbeid på orgelet av Roger Vickers. Varmetapet gjennom sidedørene er stort, dei bør tettast. Defa-hyttestyring er tenkt installert for å regulere temperaturen betre.

Stokkenes kyrkjegard: Kyrkjegarden har god kapasitet. Stor gravplass som krev mykje stell og vedlikehald, både benkar, grusgangar og vekstar. Klokketårnet treng måling. Det er planlagt å opprette ei namna urnelund i 2023.

Eid kyrkjegard: Kyrkjegarden vert stelt, men er berre i bruk til urnenedsetting. Den er vurdert freda.

Sambraut kyrkjegard: Kyrkjegarden har god kapasitet. Klokketårnet vart renovert i 2020.

Stårheim kyrkje. Kyrkja er stort sett i god stand. Laga god tilkomst til inntakssikringsboksa for straum, ved å montere loftstrapp og krakk på hemsan. Det er gjort nokre elektriske utbetringar. Der er skade på fleire glastruter.

Stårheim Kyrkjegard: Kyrkjegarden har god kapasitet.

Kjølsdalen kyrkje. Kyrkja er stort sett i god stand. Det er laga god tilgang til inntakssikringsboksa ved å montere ei lita trapp. Inntaksboksa er skifta ut, i tillegg til nokre andre små utbetringar.

Kjølsdalen kyrkjegard: Reguleringsplan for utviding vart godkjent av Stad kommunestyre i 2019. Det vert utarbeidast kostnadsanalyse for prosjektet som skal ligge til grunn i drøftingar mellom fellesrådet og kommunen om finansiering og anbudsutlysing. Det er Nordplan AS som har fått dette oppdraget. Det vert lyst ut på anbod våren 2022.

Totland kyrkje: Den planlagde renoveringa vart utført av Stårheim bygg i 2021 og avslutta i oktober. Riksantikvaren har løyvd inntil kr. 433.898,- til utbetningsarbeidet, midlar til klimaskalsikring. Desse midlane var utbetalte som forskot i 2020. I tillegg har ein laga nye, trygge trapper opp i tårnet våren 2021, samt laga tauopplegg for enklare og tryggare klemting/slag med kyrkjeklokka ved gravferder, sommaren 2021. Ny kokeplate vart kjøpt inn i desember.

Totland kyrkjegard: Kyrkjegarden har god kapasitet, men har krevjande jordsmonn. Der er ujamn overflate og mange gravstøtter på skeive. Ein har stor plage med hjort som kjem inn på gravplassen, særleg etter gravferd. Kyrkjegarden bør planerast og sikrast med høgare gjerde.

Selje kyrkje. Her er det utarbeidd eit forprosjekt for renovering av kyrkja. Dette er kostnadsrekna og fellesrådet har avsett midlar. Kyrkja treng og måling. Nordplan AS er engasjert som konsulent/arkitekt for dette arbeidet og prosjektet vart lyst ut på anbod hausten 2021, og er forventa ferdigstilt sommaren 2022. Orgelet treng ei større overhaling snarleg, og det vert oppretta eit eige investeringsprosjekt for dette. Defa-hyttestyring vart installert i desember for betre temperaturregulering og straumsparing.

Selje kyrkjegard. Dette er den gravplassen som har absolutt minst kapasitet på ledige graver sett i høve til folketalet i tilhøyrande sokn. Det er ikkje mogleg å utvide gravplassen med nye gravfelt – så alternativa er enten å klargjere eit av dei eksisterande felta for gjenbruk eller å etablere ny gravplass ein annan stad, til dømes på Flatraket. Å klargjere eit felt for gjenbruk er ein prosess som tek lang tid. Det er og eit behov for ein skikkeleg verkstad og lagerplass for maskiner og utstyr, slik som ein har på Stokkenes. Reiskapshuset skal renoverast i 2022. Denne kyrkjegarden krev og mykje vedlikehald og stell, og det er krevjande jordsmonn på fleire av felta.

Leikanger kyrkje. Kyrkja er stort sett i god stand, men bør målast utvendig. Også tiltak for å betre akustikken i kyrkja blir vurdert. Defa-hyttestyring, fjernstyring av varmen, skal installerast.

Leikanger kyrkjegard: Kyrkjegarden har god kapasitet. Det er problem med vatn i grunnen og med overflatevatn.

Ervik kyrkje. Kyrkja står utsett til for vær og vind og treng derfor ein del ytre vedlikehald kvart år. Ein elektrisk komponent er skifta under orgelet. Det er og gjort nokre andre elektriske utbetringar. Dører og lister er måla innvendig.

Ervik kyrkjegard: Delar av gravplassen er eit freda kulturminne, og det er oppretta eige investeringsprosjekt for å sikre kyrkjegarden frå erosjonsskadar. Husevåg Arkitektur har utarbeidd planskisser og kostnadsoverslag for sikring, utviding av parkeringsareal mur langs vegen. Prosjektet har stått på vent, men vert starta opp i 2022. Fellesrådet har inngått avtale med Dalsbø Invest om utleige av eit område av parkeringsplassen til Minikafe frå august. Dette har fungert bra. Vidare er det mange utfordringar i Ervik i høve parkeringsplass, mykje turistar, søppelhandtering og bruk av sanitærbygget. Dette må drøftast med Stad kommune.

Alle kyrkjer:

Røromnane under kyrkjebenkane bør skiftast eller dekkast til med gitter, då overflatetemperaturen vert for høg. Dette for å unngå brannskader eller branntilløp.

Automatiske ringeanlegg i kyrkjene har stått på «ønskelista» i fleire år. Det er avsett ein del midlar til dette – men det bør gjennomførast ei ny kostnadsvurdering før arbeid vert sett i gang. Her bør Selje og Totland prioriterast.

Defa-hyttestyring bør installerast i fleire kyrkjer. Det gjev lågare straumutgifter og gjer det enklare for kyrkjetenarane.

Det er gjennomført brannøving for alle tilsette i november. Helge Borgund har teke ansvar for å utarbeide branninstruksar i alle kyrkjene i Stad. Permane vert oppdaterte.

Alle kyrkjegardane:

Det er brukt ein god del midlar til oppgradering av utstyr på gravplassane våre, som m.a. hengar til transport av hjullastaren, og innkjøp av nytt slåtteutstyr. Det har og vore store utgifter på reparasjon av lastebilen og hjullastarane. Ny bil skal kjøpast inn våren 2022, og lastebilen skal seljast eller brukast i ytre.

Det er elles utført ein del førefallande arbeid på gravplassane som t.d. utskifting av bossdunkar til kompost og oljing/vedlikehald av bosstativ og benkar i treverk, reinsking av grusgangar og hellegangar. Det er kjøpt inn grus til grusgangane, og gravsteinar har blitt fjerna og sendt til destruering.

Kyrkjegardsarbeidarane har fått tilgang til dataprogrammet Ecclesia, med kalendar og kart over gravplassane. Det er positivt med samarbeid på tvers av kommunegrensene, der dei tilsette avløyser kvarandre ved sjukdom, ferier og anna fråvær. Større fagmiljø gjev god utveksling av kompetanse.

3.2 Trusopplæring, barne- og ungdomsarbeid

3.2.1 Trusopplæring

Trusopplæringsplanane frå Eid og Selje er no samla til Plan for trusopplæringa i Stad der også Totland sokn er innarbeidd, men arbeidet med å fa ein felles samla plan for heile kommunen med lokale tilpassingar til dei ulike sokna, er sett i gong.

Trusopplæringsarbeidet er finansiert ved årleg tildeling av statlege midlar. Desse midlane er ikkje nok til å finansiere både løn til tilsette og materiell til dei ulike tiltaka. Fellesrådet må også ha midlar til trusopplæringa innanfor eige budsjett jfr paragraf 14 i Trus og livssamfunnslova, samt eigenbetaling.

Det har vore eit digitalt møte med trusopplæringsutvalet (representantar for sokneråda) og kyrkjelydspedagog der det vart snakka om prioriteringar i trusopplæringa.

Som på alle andre område har også tiltaka for dei ulike aldersgruppene i trusopplæringsarbeidet vore vanskelege å gjennomføre grunna smittevern, men dei tilsette har likevel vore svært kreative for å finne nye måtar og nye arenaer å nå ut til borna på. Både enkelttiltak og kontinuerlege tiltak har vore gjennomført. Varierende restriksjonar i høve covid-pandemien gjorde at tiltak i trusopplæringa måtte setjast i verk når det kom eit høve til å samle borna. Innarbeidde tiltak måtte gjerast om til digitale tilbod eller heime-basert. Likevel vart dette eit lettare år å gjennomføre, truleg også fordi vi hadde samla kompetanse i 2020.

Følgande tiltak er gjennomførte 2021:

Babysong på Eid og i Selje/Leikanger har vore i gong mykje av året.

Laurdagsgraut for familiar 1 gong pr månad i Selje, om lag halvparten gjennomført.

Utdeling til 1 – 2- og 3-åringar vart gjort om frå gudsteneste til utdelingssamling. Gode erfaringar med det både i indre og ytre.

Kyrkjebok til 4-åringar og 6åringar i Leikanger og Selje utdelt i juni.

Kyrkjebok til 4-åringar utdelt i sokna i Indre.

Førsteklasses-gudstenester i Eid og Kjølsdalen rett før skulestart.

Tårnagenthelg i Selje kyrkje.

Utdeling av biblar i alle sokn.

Lys Vaken i Leikanger i januar og Kjølsdalen i november.

Barne- og ungdoms-grupper som samlast gjennom året:

Bruhola barnegruppe på Eid ved Anita Våg og Asbjørg Lade

Hobbyklubben på Haugen ved Sigrunn Leivdal og Signy Bjarnastein

Yngres i Kjølsdalen ved Kirstin Myklebust

Barnelag i Nordpollen v/Elisabeth Nordpoll, Jenny Kristin Myklebust med fleire

Familiesøndagsskule i Ervik v/Randi Stave Dalsbø og Torunn Dalsbø

Stårheim barnekor ved Reidun Ivesdal og Asbjørn Eikenæs

Stadt Soul Kids/Children, Leikanger, v/Nanda Maack, Dagrun Prestvik m fleire

Nattkafe i Selje og på Eid kyrkjetun v/Nanda Maack m fleire (sjå under diakoni)

Kveldsgudstenester i Eid kyrkje:

Ung Messe hadde tidlegare ein eigen komité under leiing av ungdomspresten i Eid. Frå 2017 var det Ung Messe ein gong i månaden som ei av dei forordna gudstenestene. Våren 2021 vart det starta opp med kveldsgudstenester i Eid kyrkje for å kunne ha eit tilbod til ungdomar og andre. Gudstenestene har m.a. enklare liturgi og meir lovsong. Sokneprest Knut Gjengedal, Asbjørn Eikenæs og Magni Myklebust har hatt ansvaret for dette tiltaket.

3.2.2 Konfirmantarbeidet

Konfirmantundervisninga er ein viktig del av trusopplæringa. Kyrkjelydspedagog Eline Sandnes har saman med sokneprest Rune Langseth, hatt ansvaret for konfirmantundervisninga i sokna Selje, Leikanger og Ervik.

Sokneprest Olaf Sigurd Gundersen har hatt ansvaret for konfirmantundervisninga for sokna Eid, Stårheim, Kjølsdalen og Totland. Kyrkjelydsarbeidar Ingve Elvebakke har vore med og tilrettelagt for undervisningstimane, samt noko administrativt ansvar. Nokre konfirmantar frå Totland våren 2021 har følgd undervisninga i Vågsøy av sokneprest Beate F. Osdal. Frå hausten 2021 tok sokneprestane Beate F. Osdal og Knut Gjengedal over konfirmantundervisninga for sokna i Eid, Stårheim, Kjølsdalen og Totland.

Konfirmantførebuinga vart nesten som planlagt med undervisningssamlingar i Eid, Selje og Leikanger kyrkje og felles konfirmantdag på Selja i juni. I staden for heil leir, vart det nokre timar på Fjordly der dei var delte i mindre kohortar. Nytt av året var konfirmantfestivalen for alle kyrkjekonfirmantane i Nordfjord i Operahuset i oktober der ein samarbeidde med KFUK-KFUM og ungdomsteamet frå Bjørgvin bispedøme. Dette vil ein halde fram med. I tillegg har konfirmantane gjennomført Fasteaksjonen i samarbeid med sokneråda og delteke på lysmesser.

Grunna smittevernrestriksjonane og lokale og sentrale føringar vart konfirmasjonane i 2021 haldne både i mai/juni og i august/september. Det var soleis ei hektisk tid for dei konfirmantansvarlege som samstundes skulle ta imot konfirmantkullet 2021/2022.

Frampeik:

Det nasjonale trosopplæringsutvalet leverte sin rapport 31. desember 2021. Dei har gått gjennom «trusopplæringa så langt» og kjem med vurderingar av mål, innhald og organisatoriske rammer. Utvalet har kome med ein del tilrådingar om arbeidet vidare som vi må ta med framover i «Kyrkjeleg undervisning og læring i Stad».

Dei peikar særleg på at alt barne- og ungdomsarbeid må reknast med i trusopplæringa, og at læringa ikkje endar ved 18 års alder, men varer heile livet. Rapporten skal til høyring og vidare arbeid fram til ny plan blir vedteken.

3.3 Diakonalt arbeid

3.3.1 Generelt

Diakoni er alt frå den kvardagslege omsorga for naboen til internasjonalt engasjement for klimarettferd og nedkjemping av fattigdom. Diakoni er kyrkja si omsorgsteneste. Den er evangeliet i handling, uttrykt gjennom nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kamp for rettferd.

Nanda Maack, ass. kyrkjevevjerje og diakonimedarbeidar, hadde det overordna ansvaret for det diakonale arbeidet i Stad kyrkjelege fellesråd i 2021. Dette har vore eit år prega av pandemi og smittevern, men ein har kunna gjennomført mange innhaldsrike arrangement og handla etter behov til enkeltpersonar/grupper med førhandsreglar og kreative løysingar. Ein arbeider etter den diakonale metoden *Se-bedømme-handle*. Derfor kan en del av arbeidet gjerast utan bestemte planar.

Det vert arbeidd med å få på plass felles diakoniplan for Stad kyrkjelege fellesråd, og ein har god oversikt og ramme for plan. Staben fekk besøk av Vetle Karlsen Eide, seniorrådgjevar diakoni og samfunn i Bjørgvin, i november. Han gav oss god rettleiing i planarbeidet, og

staben fekk inspirasjon og påfyll om diakoni, frivillighet og grøn kyrkjelyd. Kyrkjevevje og diakoniansvarleg har og hatt møte med Holmely omsorgs- og retreat for å sjå på moglege samarbeid om ulike tiltak.

3.3.2 Gjennomførte tiltak

Diakonisamling på Selje eldretun: Det er ein gong i månaden der hovedefokus er samvær og kos med kaffemat. Vi takkar for at vi blir godt tatt imot av kjøkkenet når vi bestiller mat til samlingane. På kvar samling les diakonimedarbeidar eller gjest ord for dagen, og viser en ting som kan være knytt til tema. I vår sådde ein frø.

Diakonisamling Stadlandet Eldretun: Diakonimedarbeidar har vore på besøk hos enkelte bebuarar, samt hatt nokre samlingar med song og ord for dagen. Dei tilsette på Eldretunet har laga til og sett fram kaker og kaffi, det set vi stor pris på.

Juleandaktsrunde: I 2021 besøkte prest, diakonimedarbeidar og organist Seljetunet og heldt 2 juleandakter. Diakonimedarbeidar var og innom Selje eldretun og ønskte god jul. Diakonimedarbeidar og organist hadde songandakt for bebuarar på Stad eldretun etter gudstenesta i Leikanger kyrkje.

Aktivitetsglede Selje eldretun: Ein gong i månaden har diakonimedarbeidar arrangert aktivitetsglede, ei litt anna form enn diakonisamlingane. Vi tøyser, har lett kroppssøving, øver balanse, går korte turar, snakkar saman og minner kvarandre på viktige ting, som å drikke vatn, ta godt vare på seg sjølv. Vi les oppmuntrande bibelord.

Nattkafe i Selje: Kyrkja inviterte ungdomar i 8.-10. klasse til nattkafe i Selje bedehus. Vi kunne ikkje ha gjort det utan trufaste frivillige som stiller opp gong på gong. Målet for nattkafeen er at ungdommen kan kome saman, ha det sosialt, oppleve glede og bli møtt med eit «positivt blikk». Vi har ofte aktivitet, lek, spel, sjakkturnering, bingo eller kahoot. Vi har og lett servering som vafflar, tacofredag, pizzasnurrer, kake eller frukt. Dette tilbodet har vore godt tatt imot av ungdomane, og det er i gjennomsnitt 20 innom kvar gong. Etter nattkafeen får dei tilbod om skyss heim.

Nattkafe på Eid: Kyrkja starta opp igjen nattkafeen på kyrkjetunet. Vi klarte å gjennomføre 2 gongar hausten 2021. Det vart godt tatt imot og var eit etterlengta tilbod. Vi takkar pensjonistlaget på Eid for å stille som trygge vaksne i miljøet. Vi fekk besøk av politiet, og Nattevandrarar var og innom. Målet for nattkafeen og innhaldet er det same som for nattkafeen i Selje. På Eid har vi og kiosk.

Bønesamlingar: Kvar veke er det bønesamling som er ope for alle, annakvar veke i Selje, annakvar veke i Leikanger og kvar veke på Eid kyrkjetun.

Matutdeling i jula: 2021 var andre året vi samarbeidde med Frelsesarmeen i Måløy med matutdeling før jul. Vi samarbeidde og med frivilligsentralen og kunne gi ut gåver. 2020 delte vi ut til 11 hushald i 2021 delte vi ut til 7 hushald pluss gåver til 2 hushald utenom.

Andakter på institusjonane: Prest eller andaktshaldar, frivillige og organistar besøker institusjonar i heile kommunen, kvar onsdag.

Seniortreff på Betania: En gang i månaden arrangerer Ralph og Karin Cupper seniortreff i Betania bedehus på Eid. Dette er eit populært tilbod der eldre og andre treffast for åndeleg påfyll, song og inspirasjon. Kvar gong kjem nokon på besøk og held eit lite foredrag, og det er musikalske innslag.

Samtalar: Prestar og andre tilsette har gjennomført samtalar med alle som ynskjer det.

Blomster til frivillige: Før påske i 2021 delte diakonimedarbeidar og andre ut litt under 70 påskeliljer og helsing til dei frivillige som med si trufaste teneste på ulike områder, har bidrege i kyrkjelydane med sitt arbeid.

3.4 Kyrkjemusikalsk arbeid

«Plan for kyrkjemusikk», vedteken i Kirkerådet i 2008, understreker og konkretiserer korleis kyrkjemusikken har ein heilt sentral plass i kyrkjelyden sitt liv. Hovudmålet med Plan for kyrkjemusikk er å styrke og sikre det kyrkjemusikalske livet i kyrkjelydane og kyrkja si formidling av tradisjonell og ny kyrkjemusikk. Planen kommuniserer retning og mål for det kyrkjemusikalske livet, skaper større medvit hos fleire, og er eit verkemiddel for prioritering av kyrkjemusikk. Plan for kyrkjemusikk er ein rammeplan som gjev kyrkjelydane hjelp til å utarbeide ein lokal plan for kyrkjemusikk. Stad kyrkjeleg fellesråd har i 2021 starta arbeidet med å utarbeide ein slik lokal plan.

Kyrkjemusikken ber med seg både eit trusopplæringsperspektiv, eit diakonalt og inkluderande perspektiv, eit kulturelt perspektiv og eit profetisk perspektiv. I den kyrkjemusikalske verksemda er det sju grunnsøyler.

1. Gudstenester og kyrkjelege handlingar:

Den kristne kyrkja er ei syngande kyrkje. På ein særleg måte har den lutherske kyrkja ein kyrkjemusikalsk arv i form av salmar og songar som blir brukte ved gudstenester og kyrkjelege handlingar. Organistane har eit særleg ansvar for musikken på gudstenester og andre kyrkjelege handlingar, som gravferd og vigsel. Til tross for utfordringar med smittevernreglar, har organistane våre også dette året berika gudstenester og kyrkjelege handlingar med flott og vakker musikk, i samarbeid med andre, kor og musikarar. Eige fond i ytre for bruk av profesjonelle musikar gudsteneste.

2. Korverksemd:

Korsongen er ei av dei største frivillige rørsleane innanfor kyrkja og er eit kjerneområde i det kyrkjemusikalske livet i soknet. Organistar og andre tilsette er engasjert i fleire kor og grupper. Det er i 2021:

- Babysong, 0-1 år, i Leikanger, Selje og Eid, ved Eline Sandnes, Asbjørn Eikenes og Magni Myklebust
- Julebarnekoret i Selje, prosjektkor før jul, ved Nanda Maack og Jon Inge Sigerland.
- Stadt Soul Kids/Children i Leikanger, 4 år til 10.trinn. Leiarar: Nanda Maack og Jon Inge Sigerland, med hjelp av Dagrun Prestvik og Randi Dalsbø.
- Stårheim barnekor, frå 4 år, ved Reidun Ivesdal og Asbjørn Eikenæs
- Korøving i Eid kyrkje kvar onsdag, leia av kantor Ralph Cupper. Koret har delteke ved fleire gudstenester.
- Frisk Bris, Selje, deltek som forsongarar på gudstenester, organist Jon Inge Sigerland er pianist og i perioder dirigent

3. Heimen:

Heimen er ein viktig arena for kristen song og musikk. Det er ei oppgåve for kyrkjelyden å oppmuntre og legge til rette for dette, mellom anna med tanke på bordbøn, kveldsbøn og song i heimen, særleg ved festane i kyrkjeåret. Kyrkjemusikaren kan spele ei viktig rolle som inspirator i trusopplæring og i kontakt med foreldre og familiar i samband med korarbeid, ved dåp og konfirmasjon og ved vigsel og gravferd.

4. Skule, barnehage og kulturskule:

Samarbeidet mellom kyrkja og skular og barnehagar i lokalsamfunnet har ein lang tradisjon og er eit viktig aktivitetsområde i kyrkjelyden. Det kan vere markering av høgtidene, spesielle gudstenester, kyrkjebesøk, "julevandringar"/"kyrkjevandringar" eller deltaking i samlingsstunder. Utforsking av kunst og inventar i kyrkjebygget, ikkje minst orgelet, er eit anna viktig område.

Barn frå barnehage, skule og kulturskule i Stad vart og i 2021 invitert til å delta på korøving, gudstenester, konsertar, vandringar og andre kyrkjelege handlingar.

5. Institusjon:

Det er mange som er isolerte frå den kristne fellesskapen grunna alder, sjukdom eller funksjonsnedsetting. Dei er avhengige av andre for å delta. Dette blir rekna inn under kyrkja si diakonale teneste, men kyrkjemusikken har og ei oppgåve her. Musikk og song har ein viktig funksjon for denne gruppa på mange felt. Møte med salmar eller annan kyrkjeleg musikk, som ein viktig del av deira historie, gjev næring til truslivet og gjev og skaper gode minne.

Organistane våre organiserer og leiar det musikalske arbeidet på andaktene som vert haldne på alle institusjonar for eldre i Stad. Grunna besøksrestriksjonar i periodar, har Ralph Cupper og laga digitale andakter og levert til institusjonane, kvar veke i 2021.

6. Kyrkja som konsertarena:

Kyrkjeromma representerer nokre av dei mest attraktive konsertlokala vi har. Mange stader er den lokale kyrkja det einaste eller det beste lokalet for konsertar. Dette er ein stor ressurs for mange kyrkjelydar. Mange menneske finn kvart år vegen til kyrkja i samband med ulike konsertar og andre kulturelle arrangement.

Grunna pandemi har det i 2021 vore mindre utleige av kyrkjene til konsertar enn tidlegare, men sokneråd og fellesråd har både arrangert og vore medarrangør på nokre konsertar i 2021. Dei fleste julekonsertane vart diverre avlyst grunna restriksjonar.

- Stig Ulv hadde konsert i Ervik 28 mai.
- Ungdomskoret Budapestkoret hadde konsert i Ervik kirke lørdag 26 juni.
- Det var som vanlig konsert i Selje kirke i forbindelse med Seljumannamessa Lørdag 3 juli med lokale utøvere.
- Ralph Cupper hadde orgelkonsertar i Eid kyrkje alle fredagane i juli, med variert program
- Sunnivafestival 7 til 12 september i regi av venner av Selja kloster med konsert i Selje kyrkje 7 sept.med Egil Eldøen, Gerd K.Berge, JIS og Øystein R.Wiig. og avslutningsvis konsert i Ervik med Venke Osnes og Sunniva-tema.
- Opera Nordfjord hadde konsert i Eid kyrkje i samband med TV-aksjonen i oktober

- Stadlandet gospelkor hadde adventskonsert med Drops og lokale krefter 28 november i Leikanger kyrkje.
- Den 11 des. hadde Helgesenkorset sine to konserter i Selje kyrkje. Line Dybedal var dirigent. De hadde med seg både lokale krefter og musikkrefter fra Bergen.
- Ein liten konsert på prestegården i Selje 11 des. for barnekorset i Selje.
- Jon Inge Sigerland tok initiativ til å lage en digital romjulskonsert fra Selje der bl.a. Camilla Jørgensen, Drops og noen av barna fra Selje barnekor deltok.
- Konsert på eldretunet på Leikanger med Marita Nybakk og JIS søndag 12 des. De hadde også konsert i Ervik kyrkje 14 des. dagen før nye restriksjoner vanskeliggjorde flere konserter.

7. Instrument og bemanning:

Songstemma er kyrkja sitt viktigaste instrument. Det er tradisjon for å støtte songen i gudstenesta med instrumentalmusikk, og då særleg ved hjelp av orgelet. Dei fleste kyrkjebygga i Noreg er utstyrte med pipeorgel. Mange av desse orgla eignar seg også svært godt til konsertbruk. Orgelet har ein tradisjon og ei utbreiing som har gitt det ein sentral plass i kyrkjelyden sitt liv. Det er eit av dei fremste kulturelle varemerka til kyrkja. Alle instrument treng vedlikehald for å fungere godt. For å halde oppe kvaliteten er det nødvendig med ein plan og budsjettmidlar for regelmessig vedlikehald.

Vi er heldige i Stad som har åtte unike kyrkjer med kvart sitt unike pipeorgel. Det blir utarbeidd ein vedlikehaldsplan for desse orgla med tilhøyrande budsjettplan.

Vi er og heldige som har tre dyktige organistar, samt fleire andre tilsette, som bidreg til å fremje det kyrkjemusikalske arbeidet i bygdene våre.

3.5 Gudstenester og anna kyrkjeleg verksemd

Gudstenestene har dette året vore prega av restriksjonar i høve tal deltakande, reistrering og reglar om avstand. Likevel har dei fleste planlagde gudstenestene vorte gjennomførte. I påska var kyrkjene stengde, men tilsette laga digitale påskegudstenester frå dei ulike kyrkjene, i samarbeid med Fjordabladet. Det har og vore fleire dåpar utanom dei ordinære gudstenestene. Det var og naudsynt med fleire konfirmasjonsgudstenester.

Etter at Nordfjord prostiråd vart nedlagt, tok Stad kyrkjelege fellesråd over ansvaret for Seljumannamessa. I 2021 vart Seljumannamessa arrangert 4. juli med komite samansett frå alle sokneråda i Stad. Kyrkjevevje og pilegrimskoordinator var og med i komiteen. Prost Stian Heggedal, saman med fleire prestar i Nordfjord deltok. Vågefamilien sin messingkvartett spelte, saman med eit prosjektkor, under kyndig leiing av organist Jon Inge Sigerland. Fleire friviljuge frå sokneråda i ytre, samt tilsette, gjorde ein flott innsats.

Andre hendingar:

- Påskevandring kring/ved kyrkjene. I Selje, Leikanger, Ervik, Stårheim og Eid.
- Opa kyrkje i Selje og Eid sommaren 2021
- Utdeling av lys og sorg-brosjyre ved Helgemesse
- Julekrybbe i/ved kyrkjene i adventstida
- Nytt felles kyrkjeblad, Helgefret, for alle sokna i Stad, fire nr i 2021.
- Olsokmesse i vikingskipet i Sagastad 28. juli ved olav Sigurd Gundersen

- Fasteaksjon med tenning av fastelys og filmopptak frå dei ulike kyrkjene
- JIS og RL laga digital juleandakt frå Selje kyrkje
- Digitale andakter kvar veke organisert av kantor Ralph Cupper m.fl.

3.6 Nettsider og sosiale medium

Nettsidene våre har vore viktige som informasjonskjelde. I desse sidene har vi m.a. lagt ut informasjon om kyrkjene våre, om gudstenester og andre kyrkjelege handlingar, om aktivitets-/kulturtilbod i Kyrkja sin regi og om tilsette og medlemmer i sokneråda og fellesrådet. Nettsidene var, og er, eit nyttig reiskap for å få ut informasjon om kva reglar som gjeld m.o.t. smittevern ved gudstenester o.l. Sidene er også linka opp til fellesrådet og sokneråda sine Facebook-sider. Her legg vi også ut digitale gudstenester og andre hendingar og aktivitetar som vert haldne digitalt. Sidene har vore vidareutvikla i 2021. Nettsidene finn ein på www.stadkyrkje.no

4 Samarbeid med andre aktørar

4.1 Kommunen

Stad kyrkjelege fellesråd har eit godt samarbeid med Stad kommune, særskilt innan løns- og rekneskapsføring og IKT. Tenesteytingsavtalen mellom kommunen har vorten oppjustert etter kommunesamanslåinga, og fellesrådet er godt nøgde med avtalen og tenestene kommunen yter.

Det er også nødvendig med eit tett samarbeid mellom fellesrådet og kommunen for å gjennomføre dei tre prosjekta «utviding av gravplassen i Kjølsdalen», «gjenbruk av gravfelt på Selje kyrkjegard» og «sikring av Ervik kyrkjegard».

Kyrkjeverje og assisterande kyrkjeverje har hatt eitt møte med kommunaldirektør og ordførar i januar 2021, og Fellesrådsleiar og kyrkjeverje hadde ei orientering i formannskapet i november 2021.

4.2 Sokneråda

Sokneråda har haldt omtrent normal aktivitet dette året, til tross for pandemien. Kyrkjeverja føl opp sokneråda med råd og rettleiing ved behov. Det har vore arrangert eit fellesmøte for alle sokneråda i høve Ny kyrkjeleg organisering. Det har ikkje vore gjennomført leiarmøte mellom soknerådsleiarane, prost, sokneprest, fellesrådsleiar og kyrkjeverje i 2021. Møta er nyttige for informasjonsutveksling og for å samkøyre aktivitetar, og dette vil bli gjennomført i 2022.

4.3 KFUK/KFUM

Fellesrådet inngjekk i 2020 ein samarbeidsavtale om å utvikle og setje i gong fleire tilbod for ungdom i Nordfjord. Det vart oppretta ei prosjektstilling i 60 % for to år der Stad-, Gloppen-, Bremanger- og Stryn kyrkjelege fellesråd dekkja lønskostnadar saman med Bjørgvin bispedøme. Ingeborg Koppen Hessevik vart tilsett i stillinga. Det har vore noko samarbeid i høve nattkafeane i Eid og Selje.

4.4 Pilegrimssenter Selje

Regionalt pilegrimssenter Selje og Stad kyrkjelege fellesråd inngjekk i 2021 ein samarbeidsavtale med det føremål å forankre pilegrimssatsinga i Stad kommune. I langtidsplanen for pilegrimssatsinga er målet å auke tal vandrarar og styrke verdiskapinga og vidare positiv utvikling langs pilegrimsleia. Eit viktig tiltak for å nå målet er å samarbeide med lokale aktørar som td kyrkjelydane. Denne samarbeidsavtalen er såleis eit viktig steg for å nå målet, og avtalen kan årleg tilpassast kyrkjelydane og Regionalt Pilegrimssenter Selje sin aktivitet.

5 Økonomi

5.1 Driftsrekneskapen

Rekneskapen viser at det for 2021 er eit mindreforbruk (overskot) på kr 210.168,36, der viktigaste årsaka er langtidssjukmeldingar og vakante stillingar. Overskotet for 2021, kr 210.168,36, vert tilrådd avsett til disposisjonsfond. Disponering av overskotet vert fastsett ved fellesrådet si endelege handsaming av årsrekneskapen for 2021.

Det er eit mindreforbruk på lønsbudsjettet på 5,14%, kr 420.584,-, for 2021. Dette er m.a. grunna i sjukelønsrefusjon frå NAV på kr 204.625,-, og vakante stillingar. Lønstilskot frå NAV er på 112.605,-, det vil seie 52,69 % lågare enn budsjetttert. Lønstilskot frå Den norske kyrkje vart høgare enn budsjetttert grunna auke i tilskot til prosjektstillinga som pilegrimskoordinator.

Det er sett av kr 15.000,- til Kinn kyrkjelege fellesråd, konto 13400 og teneste 42000, for kjøp av organist-, kyrkjetenar- og reinhaldstenester til Totland kyrkje. Dette er 90 % lågare enn budsjettet, grunna endring av avtalen som blei vedteke i fellesrådet i sak 07/21 (meir bruk av egne tilsette, auke i ekstrahjelp og køyregodtgjersle).

Inntekta festeavgift for graver er kr 191.750,- lågare enn budsjetttert. Kr 47.000,- av denne mindre-inntekta skuldast tilbakeføring av festeavgifter som var inntektsført i rekneskapane til Eid kyrkjelege fellesråd og Selje kyrkjelege fellesråd. Dette gjeld festarar som, etter lang tenketid, har bestemt seg for å ikkje vidareføre festeavtalen sin. Det er generelt færre enn forventa som har valt å feste gravene vidare, truleg grunna auke i festeavgiftene i 2020. Festeavgifta er no kr 250,- pr. grav pr. år og blir fakturert for ei periode på 10 år. Nye vedtekter med lengre fredingstid gjev og lenger periode med frigrav (dvs betalingsfri).

Grunna pandemi, og restriksjonar for arrangement i 2021, er det lågare inntekter enn budsjetttert under teneste 42000 Kyrkjer. Dette gjeld særleg billettinntekter, husleigeinntekt og refusjon frå sokneråda.

Fellesrådet vedtok i 2021 å setje av kr 300.000,- av disposisjonsfondet til eit Kurs- og utdanningsfond for tilsette og fellesrådsmedlemar. Dette for å sikre rekruttering, auke kompetansen og halde på dyktige tilsette. Det vart brukt 44.741,- av dette fondet i 2021, noko som har gitt høgare samla forbruk på post 11500 og 11600 enn budsjetttert.

5.2 Disposisjonsfond

Ved utgangen av 2021 står det kr 2.176.586,52 på disposisjonsfond. Av dette er kr 26.597,- sett av til prosjekt 5003 Prosjekt Nordfjord KFUK/KFUM, og 255.259,- er sett av til prosjekt 5012 Kurs- og utdanningsfond.

5.3 Bundne driftsfond

Det står kr 425.300,28 på bundne driftsfond. Av dette utgjør «Kurs i Nordfjord prosti» kr 26.236,44, «Nattcafeen Eid» kr 74.094,15, «Prostidiakon Nordfjord» kr 20.000,-, «Seljumannamesse» kr 69.806,29, «Profesjonelle musikarar gudstenester» kr 8.458,- og «Gjevarteneste» kr 84.596,52. På prosjekt «Tilskot frå Dnk til frivillig innsats» står det kr 35.000,-, gitt frå Den norske kyrkje i 2021 og øyremerka bruk til frivillig arbeid i sokna. Det er også eigne fond for gåver til Ervik-, Leikanger-, Selje-, Totland-, Stårheim- og Eid kyrkje. Dette er m.a. fordi nokre vel å be om gåver til kyrkjene i staden for blomar ved gravferder. Til saman står det kr 107.108,88 på desse fonda ved årsskiftet.

5.4 Investeringsrekneskapen og investeringsfond

Ubrukte investeringsmidlar er sett av til ubunde investeringsfond i balanserekneskapen. Ved utgangen av året stod det kr 5.558.658,43 på ubunde investeringsfond. Det vart ikkje løyvt nye investeringsmidlar frå Stad kommune for 2021.

Det står kr 84.080,05 på bunde investeringsfond til prosjekt 1020 Orgel Ervik kyrkje. Dette er ubrukt del av gåva som vart gjeve til prosjektet frå Ervik havfiske. Prosjektet er avslutta.

Investeringsprosjektet 1033 «Renovering klokketårn Totland kyrkje» har eit meirforbruk på kr 53.387,- i 2021. Dette er inndekka ved vedtak i fellesrådet i sak 13/22 den 21.04.22.

6 Avslutning

Til tross for tilhøva i 2021 skildra i innleiinga, er vi godt nøgde med alt ein fekk gjennomføre i 2021. Dette er takka vere dyktige tilsette som kan tenke nytt og handtere nye situasjonar.

Vi har lukkast i å få samanslåinga av fellesråd og stabar i Selje, Eid og Totland til nye Stad Kyrkjelege Fellesråd til å fungere som ei samla eining.

Gudstenester, kyrkjelege handlingar, trusopplæringstiltak, diakonale tiltak og kyrkjemusikalsk arbeid har blitt gjennomført i ei krevjande tid med mange tilpassingar og med lite bemanning.

Gravferder har blitt gjennomført på ein trygg og verdig måte, i tett samarbeid med gravferdsbyrå og pårørande, både i kyrkja og på gravplassane. Kyrkjegardane har vore godt stelte og gitt gode opplevingar for besøkjande.

Kyrkjene våre med alt sitt verdifulle inventar og utstyr har blitt godt tekne vare på av kyrkjetenarar, reinhaldarar og organistar, og stått klare til fleire hundre arrangement som gudstenester, konsertar, gravferder, vigsler, dåp, samtalar, vandringar, konfirmantundervisning og besøk av turistar.

Vi har fått gjennomføre større renoveringsprosjekt i høve kyrkjebygg, samt andre utbetringar for å sikre branntryggleiken og redusere energibruken, og synt at vi kan drive kostnadseffektivt innanfor dei rammene vi har fått.

Vi er takknemlege for ein kommune som er positiv til arbeidet vårt. Fellesrådet vil takke spesielt tilsette ved Økonomi og Personal og kommunikasjon i Stad kommune for god hjelp og støtte i 2021.

Vi kan sjå tilbake på nok eit aktivt år og kan ta fatt i utfordringane som ventar, der Stad Kyrkjelege Fellesråd, saman med dei tilsette, vidare vil styrkje det kyrkjelege arbeidet.

Davik, 22.05.2022

Leif Johnny Prestvik
-leiar Stad kyrkjelege fellesråd-

Synnøve Smørdal Wiik
-kyrkjevevjerje i Stad-